



Fylkesmannen i Vestland
Tor G. Turøy
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykker ref.: 2019/20235

Vår ref.: 19/238

Sakshandsamar: Mari Pleym //

Vår dato: 14.01.2020

Utgifter til legemiddel på kvit resept - berekning av sosialstønad

Det blir vist til brev fra Fylkesmannen i Vestland dagsett 23.10.19.

De har spørsmål knytt til utgifter til medisin på kvit resept. Det visast til at det kan vere ei utfordring for NAV at ein del legemiddel på kvit resept er etter måten dyre. De nemner til dømes utgifter til Aimovig, eit legemiddel mot migrene som ikkje kjem inn på blå-resept ordninga i 2020.

Vi er kjende med at ordninga med dekning av utgifter til Aimovig har blitt endra i etterkant av brevet dykkar. Vi legg til grunn at Fylkesmannen likevel vil ha eit svar da problemstillinga de reiser er av generell karakter.

Når det gjeld utgifter til medisinar på kvit resept, kjem det fram av rundskrivet pkt. 4.18.2.45 at slike utgifter inngår i kjerneområdet for livsopphald. Dette er utgifter som NAV-kontoret har plikt til å ta med i vurderinga av stønadsbehov og ved utmålinga av stønad.

NAV-kontoret skal ikkje overprøve den medisinske vurderinga knytt til utskrivinga av eit medikament. Men på vanleg måte må det gjerast ei konkret vurdering som er knytt til nivået på stønaden. Dette punktet i rundskrivet må lesast i samanheng med andre punkt som omtaler utmåling av stønad på eit nøkternt nivå. Det er ikkje slik at ein kan ha rett til å få dekkja ei kvar behandling eller medisin av kommunen dersom systemet til folketrygden ikkje dekkjer dette. NAV-kontoret må foreta ei konkret vurdering av saka.

NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDIREKTORATET // HJELPEMIDDELKONTORET

Postadresse: Postboks 5 St. Olavs plass // 0130 Oslo

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

www.nav.no //

Med helsing

Tormod Moland
kontorleiar
Hjelphemiddelkontoret

Mari Pleym
seniorrådgjevar
Hjelphemiddelkontoret

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur



Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 Oslo

Vår dato:

23.10.2019

Vår ref:

2019/20235

Dykkar ref:

Mari Pleym og Stine Glosli

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Skal alle utgifter til legemidlar på kvit resept reknast med ved berekning av sosialstønad?

Arbeids- og velferdsdirektoratet har i oppgåve å tolke sosialtenestelova, og direktoratets tolkingar er samla i rundskriv 35.

I rundskriv 35 punkt 4.18.2.33 skriv direktoratet at Nav alltid skal rekne med utgifter som ligg i kjerneområdet av livsopphaldet når dei utmåler sosialstønad: «Noen utgifter er nødvendige for å sikre en person et forsvarlig livsopphold i samsvar med formålsbestemmelsen. Dette er utgifter som ligger i kjerneområdet av livsoppholdsbegrepet, og som NAV-kontoret alltid har plikt til å ta med i vurderingen av stønadsbehov og ved utmålingen av stønad.»

I punkt 4.18.2.45 står det at utgifter til legemidlar på kvit resept inngår i kjerneområdet av livsopphaldet: «I kjerneområdet for livsoppholdet inngår dekning av utgifter som ikke dekkes av folketrygden til ... •legemidler foreskrevet på hvit resept ...» Direktoratet har her ein absolutt ordbruk, som ikkje gir rom for Nav til å halde slike utgifter utanom berekningsgrunnlaget. Dette er i motsetnad til det førre rundskrivet der det sto at slike utgifter kan vere en del av livsopphaldet, av den konkrete situasjon, sjå rundskriv I-34/2001 punkt 5.1.4.2.

Det kan vere ei utfordring for Nav at ein del legemidlar på kvit resept er etter måten dyre. Til dømes kom ikkje migrenemedisinen Aimovig (Erenumab) inn på blå resept-ordninga i 2020, men ein kan få legemiddelet på kvit resept. Ifølgje opplysningar i pressa kostar denne medisinen pasientane om lag 5400 kroner kvar tredje veke. Helseministeren har uttalt at det vil koste staten for mykje å ta Aimovig inn på blå resept-ordninga.

Spørsmålet er om den kommunale delen av Nav har plikt til å gi sosialstønad til slike legemidlar som Aimovig, dersom kriteria for sosialhjelp elles er oppfylt, dersom det ikkje er rimelege alternative medisinar, og ein lege meiner legemiddelet er nødvendig for pasienten?

Er det skilnad på Nav si hjelpeplikt etter sosialtenestelova om legemiddelet er dyrt eller billig, og kor går i tilfelle prisgrensa for hjelpeplikten? Vil det i tilfelle vere opp til kvart Nav-kontor å fastsetje grensa?



Det er fint om Arbeids- og velferdsdirektoratet kan svare på desse spørsmåla. Merk gjerne svaret med vårt referansenummer 2019/20235.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent